



ArkivsakID/ JpID: 16/22 16/1126

Dato:
22.01.2016

REFERAT FRÅ STYREMØTE I MELAND FRIVILLIGSENTRAL

Til stades: Karin Strømmen, Øystein Thunold, Henriette Fennely, Øyvind Oddekalv, Sølvi Knudsen, Helge Kvam. Kåre Skibenes var tilstades til nytt styre hadde konstituert seg.

Kåre Skibenes informerte om førre styre sitt arbeid. To saker har vorte utsett pga sjukmelding på sentralen. Det er arbeidet med Frivilligmeldinga og utgreiing om eit Kulturråd i Meland.

I samband med nye medlemmer til styret i Meland Frivilligsentral peika han på at Fellesrådet sin representant var komme inn i kommunestyret sine saker. Fellesrådet sitt styremedlem er representant for frivilligeheita – ikkje kommunal representant, og skulle difor ikkje vore ei sak i kommunestyret. Fellesrådet skal ikkje ha ein vara. Årsmøtet vedtok at Valkomiteen si innstilling nr 2 skulle har vararepresentanten.

Han viste til Årsmøtet sitt vedtak:

«Sak 7. Val av eit 1 styremedlem og en varamedlem til styret.

Valkomiteen hadde møte 13.05.15, og hadde følgande innstilling:

1. Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne
2. Meland sokneråd/Meland Kyrkjelyd
3. Song-/musikk-lag
4. Mållaget / Sogelaget

Valkomiteen si innstilling er godkjend. 1 representant frå Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne, og ein vara frå Meland sokneråd / Meland Kyrkjelyd.»

Sak 2 **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Godkjend.

Sak 3 **Godkjenning av referat**

Godkjend.

Sak 1 **Styret konstituerer seg**

Vedtak:

Karin Strømmen er valt til styreleiar i Meland Frivilligsentral

Henriette Fennely er valt til nestleiar i Meland Frivilligsentral.

Sak 4 **Landsorganisasjonen for Frivilligsentralar**

Vedtak:

Styret vedtok at Meland Frivilligsentral melder seg inn i Landsorganisasjonen for Frivilligsentraler, og betaler ein årleg medlemskontigent på 500,-.

Sak 5 **Orientering om aktivitetar ved sentralen**

Dagleg leiar orientert om aktiviteten ved sentralen:

- Julegåve innsamlinga var vellukka. Stor givarglede frå innbyggjarane i Meland. Det blei delt ut julegaver til ca 30 barn.
- Pengegåve frå ansatte ved Danielsen ungdomsskule. Pengane blir brukt til utstyr og aktivitetar i regi av Besøkstenesta.
- Flyktningefadder ordninga. Formålet med ordninga er å hjelpe personar eller familiar som skal busettast i Meland kommune med å komma best mogleg på plass, og med å væra ein kontakt inn i lokalsamfunnet. Pr. dags dato har det meldt seg 36 flyktningefaddera i Meland, og alle flyktningane som er busett hausten 2015 har fått ein flyktningefadder. Prosjektet har ei ressursgruppe som møtes jevnleg.
- Besøkstenesta. Besøkstenesta har sidan oppstart i 2012 utvikla seg til å ha følgjande aktivitetar: Frivillige går fast på sjukeheimen og tilbyr sal frå tralle, song, baking, juleaktivitetar etc.
Besøker folk heime
Er turvenn
Henter og køyrer folk med nedsett funksjonsevne for å handle.
To besøksvenner har teke kurs for å bli kvalifisert som besøksvenn med hund. Dei er snart klar til å begynne.
Besøkstenesta har ei ressursgruppe av frivillige og Frivilligsentralen.
- Svømmekurs for flyktningkvinner. Nytt kurs startar 23.01.16.
- Språkkafè. Startar opp igjen 23.01.16.
- Samarbeid med NAV. Faste møter ein gong i veka.
- Dataklubb for seniorar kvar torsdag på Eldresenteret.
- Den kulturelle Spaserstokken. Programmet for 2016 tilbyr filmframvisningar, teater, konsert. Arbeidsgruppa for Den Kulturelle spaserstokken i Meland samarbeider med UL Framsteg og dei frivillige som er på sjukeheimen kvar onsdag om gjennomføringa av ulike kulturtilbod.
- Nasjonal Tilskotsordning mot barnefattigdom. Det er etablert ei knutepunktsguppe med representantar frå NAV, Barnevern, Psykisk helse, Kultur, PPT, rådgjevar og Frivilligsentralen. Dagleg leiar ved sentralen er kontaktperson i høve BUFDIR og søkjarar til midlane.
- Frivilligforum. Det blir arrangert Frivilligforum i februar.
- Sommaraktivitetar for barn. Arbeidet med å få til sommaraktivitetar for barn er i gong.
- Frivilligmelding. Arbeidet med frivilligmeldinga blei utsett pga sjukemelding. No er arbeidet i gong igjen, og målet er at meldinga skal behandlast i Kommunestyret hausten 2016.
- Kulturråd. Etablere ei arbeidsgruppe som kan kome med framlegg til korleis eit kulturråd i Meland kan organiserast, kva organisasjonar kulturrådet kan representere og kva mandat kulturrådet kan ha.
Arbeidet med denne utgreiinga vart utsett pga sjukemelding.
Styret prioriterer at arbeidet med ei frivilligmelding går føre eit kulturråd.
- Handlingsplan 2016 er under arbeid. Forslag til handlingsplan blir lagt fram på neste styremøte.

Sak 6 **Eventuelt**

Neste styremøte blir 10.mars kl. 18.00

Referent
Nina Randal

